



Føresette/foreldre i barnehage

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1494 - 15/9891

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

19.05.2015

## Informasjonsbrev om foreldreundersøking i barnehagane i Meland kommune.

Meland kommune ønskjer god kvalitet på tenester som blir gitt i kommunen. Barnehageplass er eit av tilboda som vert gitt og det er nyttig for kommunen å få vite korleis føresette opplever barnehagetilbodet.

Meland kommune har som mål å gjennomføre foreldreundersøking på barnehageområdet annakvart år. Kommunen ønskjer i samarbeid med barnehagane å nytte resultatane til vidare kvalitetsutviklingsarbeid og bidra til felles kvalitetsheving på området.

Kommunen har informert barnehagane om at det vil bli gjennomført ei foreldreundersøking no i vår, og dette fekk vi positiv tilbakemelding på. Barnehagane i Meland har egne brukarundersøkingar, men for første gang kan vi få høve til å undersøkje barnehagetilbodet i heile kommunen samla.

Undersøkinga vert gjennomført i tidsrommet 29. mai til 12. juni 2015.

Svarprosent vil i stor grad påverke kor stor vekt vi kan leggje på resultatane.

Vi gjer merksam på at du vil få tilsendt ein e-post med undersøking pr. barn og vi ber om at du leverer eit skjema for kvart av barna slik at vi får høgast mogleg svarprosent. Kvart skjema tar 2 – 3 minutt.

I undersøkinga kan du velje å svare på norsk eller engelsk.

Etter at du har motteke dette informasjonsbrevet frå Meland kommune om undersøkinga, vil du innan få dagar motta ein e-post med lenke til undersøkinga som vil bli gjennomført elektronisk ved å følgje lenkja som er lagt inn i e-posten eller ved å bruke passord på

Innloggingsside: <http://svar.bedrekommune.no>

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

(NB! Avsendar av eposten vil vera: [noreply@bedrekommune.no](mailto:noreply@bedrekommune.no)).

Om du ikkje har motteke undersøkinga innan 29. mai ber vi om at du sjekker spamkorga/søppelkorga di for å sjå om den er hamna der.

Undersøkinga er sendt ut til **ein av foreldra**, ikkje til begge.

Ei lenkje i e-posten gir deg tilgang til eit spørjeskjema som er direkte knytta til det enkelte barnet. Fungerer ikkje lenkja kan du gå inn på <http://svar.bedrekommune.no> og bruke passordet som er oppgitt i e-posten.

Ved å få dykkar erfaringar kan vi få ei oversikt over kva vi er bra på, og kva vi bør bli betre på.

Deltaking i undersøkinga er frivillig, men vi håpar at du på denne måten vil hjelpe oss med å skape ein betre barnehage.

**Alle svar blir behandla anonymt.**

Barnehagefagleg rådgjevar vil kunne sjå resultatata for kvar enkelt barnehage, men kommunen sin hensikt er å gje ei samla tilbakemelding for området når vi skal rapportere resultatata til politisk nivå. Desse resultatata kan ein sjå opp mot andre kommunar som har nytta same undersøking frå [bedrekommune.no](http://bedrekommune.no)

Kvar barnehage vil få tilgang til data for sin barnehage.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Information about the kindergarten user survey























**Mottakere:**

Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage  
Føresette/foreldre i barnehage